

Uttale – søknad om løyve til å byggja 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar, Hordaland fylke

På Folgefonnhalvøya og særleg langs Hardangerfjorden frå Maurangsnes til Utne har det allereie vorte gitt konsesjon for eit utal kraftverk. Eit viktig landskapselement, vatn i fritt fall, er i ferd med å forsvinna langs heile fjorden. Dette er ein alvorleg trussel mot reiselivsnæringa og særleg den delen av reiselivet som satsar på naturbaserte opplevingar. I dei seinare åra har det vorte gjennomført store satsingar på vandreturisme på Folgefonnhalvøya der målsetnaden er å laga eit samanhengande stinett kring heile Folgefonna nasjonalpark. Eit landskap er ei dynamisk innretting som ikkje bør stogkast av statiske inngrep. Me meiner at ei storstilt utbygging som no er planlagd i regionen bør verte vurdert i høve til nasjonale interesser særleg i høve til opplevingsverdiar i det særst verdfulle fjordlandskapet i Hardanger. Satsinga på friluftsliv og aktivitetar er berekraftig, og har potensiale til vidare vekst og skapar verdiar for heile regionen. Det er difor all grunn til i syna aktsemd for naturarven og sørgja for at me ikkje gjer val som er umoglege å reversera.

Folgefonni Breførarlag AS driv breføring og fjellgaiding på Folgefonna og Folgefonnhalvøya. Folgefonni Breførarlag har base i Jondal og har hovudsesongen frå kring 1. mai til kring 1. oktober, med hovudvekt på skiturar fram til St. Hans og bre- og fjellturar etter den tid. I tillegg til breføring driv me med eit vidt spekter av utandørsaktivitetar, som til dømes fjellklatring, kajakkpadling og sykkeltingar. Folgefonni Breførarlag har som mål å gje kundane ei totaloppleving med innblikk i kraftfulle naturprosessar, kunnskap om naturlandskapet, utfordringar for kroppen og ein smak av gamledagar gjennom lokalhistorie og forteljarkunst. Jondal er inne i ei spanande tid, med status som Nasjonalparklandsby, nyleg oppretta Landskapspark i Herand, nytt kulturlandskapsenter i Herand og nytt aktivitets- og kunnskapsenter (Juklafjord) i Jondal. Satsinga på reiseliv har aldri vore større i kommunen, noko som også syner igjen i stadige rekordar for besøkmåla. Til dømes var det på Juklafjord det sommaren 2012 omlag 8500 turistar innom, og Folgefonni Breførarlag hadde meir enn 5000 gjester i blåisen og på fotturar. Vidare er Jondal kommune med i prosjektet *Naturarven som verdiskapar*, i regi av Direktoratet for Naturforvalting, der har fått 8 mill kroner til utvikling av vandreturisme på Folgefonnhalvøya.

Bortsett frå Sævarhagen kraftverk og Krossdalselv kraftverk er alle dei omsøkte prosjekta langs elvar som leiar inn mot ein eineståande høg fjellsnatur og Folgefonna nasjonalpark. Sævarhagen kraftverk er ei utbygging som skjer midt i hjartet av Herand landskapspark, Krossdalselv kraftverk tek bort elva ved ein av dei viktigast kulturminna i Jondal kommune, garden Drebrekke.

Me vil i det følgjande gje nokre korte stikkord i vurderinga av natur og friluftsinteressene kring dei ulike prosjekta i Jondal og Ullensvang kommune.

Brattabølv kraftverk

Den planlagd utbygde elvestrekninga renn parallelt med den gamle pilgrimsvegen frå Brattabø til Reiset. Frå gamalt av gjekk det ein pilgrimsveg over fjellet frå Sollesnes, via Krossdalen og over til Reiset mot det endelege målet, stavkyrkja i Røldal. Pilgrimsvegen er merka frå Botsvassvegen, opp under Staberget, om Stabergsdalen og opp, forbi

Langedalstjørn, vidare om Brakastauren og Høgstaleitet, ned til Reiseteeggi og vidare ned lia til Reisetete. Røddal var eit av dei store pilegrimsmåla i Noreg, truleg det største, etter Nidaros. Det gjekk vegar dit frå eit område som i dag omfattar 6 kommunar, 3 bispedøme og 3 fylker. Øvre Krossdalen Grendalag har merka pilegrimsvegen over fjellet. Nedstigninga til Reisetete har Vikebygdkrinsen merka. Denne er no oppgradert ved muring og betre tilrettelegging av stien. Dette vil i framtida verta eit viktig produkt for vandretursimsen på Folgefonnhalvøya.

I tillegg vil utbygginga forringa naturopplevinga langs stølsvegen frå Brattabø til Sjusete som går på nordsida av vassdraget.

Breisete kraftverk og Tveddal kraftverk

Breisete er eit særskild viktig utgangspunkt for fotturar til Freddal, Torsnesstølen og over fjellet til Mauranger. Samstundes startar stien langs stølsdalen med stølane Espelands-, Flatabørgryting og Osadal her. Dette er ein av dei mest nytta fotturane for turistar i Jondal i dag. Sidan nedre del av Stølsdalselvi allereie er utbygd, vil ei utbygging av desse to kraftveka at ein stor del av vassdragsnaturen er borte i dette området. På stølen Breisete er det ei mengd hytter og friluftslivet for desse brukarane vil difor verte skadelidande av ei utbygging.

Grimeelvi kraftverk

Grimeelvi utgjer eit viktig landskapselement i bygda Herand. Øver del av den omsøkte elvestrekninga har ei viktig opplevingsverdi for fotturen Grimevegen ved Åsleite og inn mot Herandsstølane. Dette er den nest viktigaste innfallsporten mot stølsdalen i Herandsfjellet.

Krossdalselvi kraftverk

Ein stor del av den planlagde utbygginga i elva renn langs garden Drebrekke. Heilskapen som gardstunet, kvernhuset og kulturlandskapet utgjer er eit av dei mest verdfulle kulturmiljøa i Jondal. Fleire av våre bre og fjellturistar overnattar på Drebrekke og samarbeidet med overnattingsstaden har me planar om å utvikla vidare. Den djupe elvedalen, kalla Gjelet, har store naturverdiar og vitnar om store krefter som har vore i sving og er kopla til flaumhistoria på Folgefonna. I periodar har Jukladalen vorte demd opp av breen og skapa store flaumar nedover Jondalsvassdraget i farne tider. Gjelet er ei landform som vitnar om desse hendingane og er såleis ein viktig naturhistorisk lokalitet.

Sæverhagen kraftverk

Den omsøkte elvestrekninga ligg midt i bygda Herand. Elv utgjer eit viktig opplevingspotensiale for dei som vitjar Herands landskapspark. Det vil vera eit stort tap for heilskapen i dette miljøet dersom elva vert bygd ut. Våren 2008 fekk Herand to ulike kulturlandskapsprisar, ein regional og ein nasjonal. Dette er ein velfortent heider av det fantastiske arbeidet som er gjort i byda for å skape nytt liv og betre trivsel for både turistar og fastbuande. Det er såleis ein slåande ironi at ein stor gruppe grunneigarar i same bygda ynskjer å rasere kultur og naturlandskapet i bygda.


Vassendelva kraftverk

Vassenden er i dag vorte eit av dei mest nytta friluftsområda i Jondal kommune. Elva er svært viktig for opplevinga av vegen frå Molve til Vassenden. Særleg er den nedre del av elva mot Molve eit viktig landskapelement i kulturlandskapet og den vil verte endå meir synleg når den hogst ferdige granskogen er hoggen. Vidare er Vassenden og vegen inn dit, er del av eit stort skogsområde som strekkjer seg frå Jondalsøyri til Herand og Herandsstølane. Området mogleggjer ei oppleving av skogsnatur som ein få andre stader på Folgefonnhalvøya kan oppleve. Vest for Vassendenelva finn ein Gullbergnotten naturreservat med verna lauvskog.

Øvre Ålsåker kraftverk

Alsåker er ein av dei viktigaste innfallsportane til turen Folgefonna på langs der ein tek seg opp i stølslandskapet og vidare opp i høgfjellet nord for Folgefonna og fortset over breen til Baroniet i Rosendal eller ned til Saubabrehytta og Rullestadjuvet. Øvre del av Alsåkerelvi gjev ei svært verdfull naturoppleving, og sidan nedre del av elva allereie er utbygd er det særskild uheldig dersom resten av vassdraget vert utbygd.

Mvh



For Folgefonni Breførarlag AS
Jostein Bakke
Styreleiar